

# Spelemannslaget De frilynde

**Protokoll frå årsmøte på Ski den 20. november 1996 kl. 19.00**

Formannen opna møtet .

Sak 1: Innkalling og sakliste blei godkjent og møtet sett.

Sak 2: Valg av møteleiar. Hans Bakken blei valt.

Sak 3: Valg av referent. Nils Seland blei valt.

Sak 4: Årsmelding. Formannen las opp årsmeldinga. Årsmeldinga blei godkjent.

Sak 5: Kasseraren leverte ut kopi av regnskapet og gjekk gjennom postane. Godkjent.

Sak: 6: Innkomne saker. Det har ikkje kome inn saker til dette punktet på saklista.

Sak 7. Valg

Formann: Hans Bakken (gjenvalg for 1 år)

Styremedlem: Nils Seland (ny for 2 år)

Styremedlem Oskar Fevåg var ikkje på valg

Valgkomite: Gjenvalg. Formann er Bjørn Sæves

Revisor: Kristoffer Frøseth (gjenvalg)

Festkomité: Tom Simonsen (gjenvalg)

Noteutvalg: Kåre Kjelkenes, Magnar Graav og Jo Ragnar Finserås

Sak 8: Eventuelt

Kåre Kjelkenes ønska at ein skulle ta opp igjen bruk av eit eige noteutvalg. Møtet slutta seg til forslaget og valget er ført opp under sak 7. Kåre ønska meir «nygammalt» på speleplanen. Noteutvalget vil gå gjennom tilgjengelig materiale for å finna nye melodiar som kan erstatta og delvis utvida repertoaret på dette området.

Kåre meinte vidare at ein burde øva meir på fleirstemt spel. Han ønska meir systematikk over denne treninga slik at det blir registrert kven som spelar 2.-stemme på dei forskjellige slåttane. Laget slutta seg til idéen.

Nils Seland tok opp spørsmålet om å arbeida vidare med det påtenkte helgeseminaret med Dag Vårdal i vinter. Nils arbeider vidare med saka og ein tek

sikte på å få til samlinga 7.-9. mars.

Hans Bakken  
formann

Nils Seland  
referent